

Avtale

Denne avtale ("Avtalen") er inngått mellom:

(1) Hordaland fylkeskommune ("HFK"), org nr. 938 626 367

og

(2) Valen Kraftverk AS ("VK"), org nr. 985 383 820

1 Avtalen sin bakgrunn

Bakgrunn for denne avtalen er å formalisere overføringa av VK sin kraftstasjon frå 1939 på Valen i Kvinnherad kommune til HFK. Denne kraftstasjonen frå 1939 har g. nr 195, b.nr. 94. I tillegg til sjølve kraftstasjonen skal ein del av trykkrøyret/røyrgata som fører ned til kraftstasjonen, overførast til HFK.

na
185/194

I tillegg til kraftstasjonen frå 1939 omfattar denne avtalen også den gamle kraftstasjonen frå 1907. Denne kraftstasjonen står alt på fylkeskommunen sin eigedom – g.nr. 185, b.nr. 2 – og skal såleis ikkje overførast frå VK til HFK.

Før HFK overtar ansvaret skal VK utføre naudsynt arbeid knytt til utflytting og opprydding Dette gjeld kraftstasjon frå 1939 og trykkrøyr/røyrgate.

2 HFK sine rettar og pliktar

HFK får med dette ansvaret for at bygningane vert drifta i tråd med føremålet og at naudsynt vedlikehald vert gjennomført. HFK skal utarbeide ein plan for framtidig drifts- og vedlikehald som er eigna til å sikre oppfølginga av dei to kraftstasjonane og den delen av trykkrøyret som fører ned til stasjonen frå 1939.

3 Vederlag for eigedomane

Det skal ikkje betalast vederlag for kraftstasjonane og trykkrøyret/røyrgata.

4 Tinglysing

Avtalen kan tinglysast.

Avtalen er laga i 2 originale eksemplar, og partane har motteke kvart sitt eksemplar.

Bergen, 9. februar 2012


Bergen, 9. februar 2012

Hordaland fylkeskommune



v/fylkesrådmann Paul M. Nilsen

Valen Kraftverk AS



v/styreleiar Johnny Stiansen

Vedlegg:Kart